


## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim



*Kyrkjebakken nr 4 2020, årgang 49, nytt stoff innan 11.august.*



**KYRKJE BAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefttid etter avtale  
Kyrkjeveje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjeveje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Gudsteneste  
pinsedag 31.mai kl. 11.00  
ved Rune Minde

Gudsteneste  
søndag 14.juni kl. 11.00  
ved Rune Minde.  
Familiegudsteneste.

Gudsteneste  
søndag 28.juni kl. 11.00  
ved Rune Minde

Gudsteneste  
søndag 19.juli kl. 11.00

Gudsteneste  
søndag 16.august i Årevika kl. 16.00

### HJARTELEG TAKK

*til diakoninemda for mjølkehjarter eg fekk i  
gave til 80 års dagen min.*

*Til deg Britt vil eg takka ekstra.*

*Som gamal kollega var det ekstra kjekt av du kom med dei.*

*Finn Eikeland.»*

# Pinsa – det er vår greie!

**Jula er grei. Då feirar vi at Gud vart fødd som eit lite barn og tok bustad mellom oss. Vi rekk ut hendene og tek i mot gåvene Gud gjev oss.**

**Jula er liksom Gud sin greie. Påska er også grei. Gud viste at Han verkeleg meinte alvor i sin kjærleik til menneska. All menneskeleg skuld vart lagt på Jesus sine skuldrar. Som leid, vart krossfest og døydde – for vår skuld.**

**På langfredag. Før det vart stille. I 3 dagar. Så viste Guds kjærlighet seg enno sterkare enn døden då Jesus steig ut or grava.**

**Vi bøyer hovudet og tek i mot alt Jesus gjorde for oss.**

**Påska er absolutt Gud sin greie! Men kva med pinsa?**

Om kvelden den tredje dagen viste Jesus seg for lærersveinane. Dei hadde stengt seg inne og låst dørene i frykt for å verte oppdagat og lide same skjebne som Jesus. Det var heilt sikkert hektisk stemming. Berre 3 dagar før hadde dei mista alt, og gått under jorda. Skulle dei no begynne på nyt igjen? Kva skulle dei tru? Kva skulle dei gjere?

Johannes fortel: Lærersveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! (Joh 20, 21-22).

Pinsa vart lærersveinane sin greie. Det var liksom tjuvstart på pinsa den påskedagskvelden.

Midt i eit samansurium av glede, sorg, og forvirring tok dei imot Den Heilage Ande. Og dermed er pinsa også vår greie. Generasjonane etter lærersveinane og før oss har sytt for at det står ei kyrkje i nærlieken av der vi bur. Der vi kan ta med dei små barna til dåpen. Der vi i gudstenester kan minnast Guds handlingar med menneska. Der unge kan lære om Jesus og verte konfirmert. Der kjærleiken mellom to menneske kan verte gjort kjent og velsigna. Der vi kan kome med våre kjære som har gått bort for å be og ta imot Herren si velsigning. Pinsa er også Den heilage Ande sin greie. Med Guds eigen pust vert dåpen meir enn 3 auser vatn, gudstenestene meir enn ord og tonar, unge si konfirmanttid meir enn ein tradisjon, kjærleiken vert fylt med liv, og gravferda vert meir enn 3 spader jord.

Kyrkja er eit verdsviit samarbeidsprosjekt mellom Den heilage ande og oss menneske.

Kyrkja er på langt nær fullkommen. Ho er menneskeleg. Ho er sårbar. Men i glimt anar vi Guds varlege pust i andletet.

God pinse!

**Det ånder himmelsk over støvet,  
det vifter hjemlig gjennom løvet,  
det lufter liflig under sky.  
Nu åpnes paradis på ny,  
og yndig risler ved vår fot.  
en bekk av livets klare flod.**

N13: 232  
T.N.F.S. Grundtvig for 1843, 1853  
O Til norsk 1979  
M Henrik Rung 1859



*Helge Taranrød, prost  
i Nordhordland*



## Austrheim sokn

### Gravlagde



- 7.mai: Aud Jorund Natås, f.1948 (bisetjing)
- 12.mai: Helge Lyslo f.1942
- 14.mai: Johannes Hope f.1922
- 15.mai: Atle Dag Utkilen f.1955
- 15.mai: Reidar Rongevær f.1953 (urnenedsetjing)
- 15.mai: Roald Korsøen f. 1943 (urnenedsetjing)
- 19.mai: Magnhild Inger Dyrnes Krossøy f. 1933
- 19.mai: Leif Magnus Solheim f.1937

### Døypte

03.mai:

Theodor Stokstad Leikvoll  
Nathaniel Otieno Helgeland



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL OGERNE PÅ TELEFON: 952 13 012 ELLER 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



Fonneshaven 2020 - nummer 24 i rekka er dessverre avlyst på grunn av corona situasjonen.

Det vil bli gudsteneste søndag 16. august klokken 16.00 i Årvikane.

Helsing Fonneshaven sin arbeidsgruppe.





# MIN SALME

Eg synest alltid det er spennande å lesa «Min Salme» spalta, som er blitt ei fast spalte her i Kyrkjebakken. Men derimot å skulle velja «Min Salme» er vanskeleg. Det er så mange å velja mellom. Men når eg likevel må velja ein har eg land a på Thomas Kingo sin mektige salme: **«Som den gyldne sol frembryter»** (Norsk Samebok nr 190). Skruk og Vårsøg laga for nokre tiår tilbake ein aldeles nydeleg versjon av denne salmen, som eg hører for mitt indre kvar gong eg tenker på den. Paukeslaga i starten på kvart vers liksom hamrar inn bodskapen og etterlet kvar setning med mange utropsteikn.

Dette er ein påskesalme for heilårsbruk. Teksten er så mektig, at eg nesten vert litt skjelven av den. Den beskriv grunnlaget for trua mi, det eg kan leva for og det eg kan få døy på.

**Som den gyldne frembryter gjennom den kullsorte sky  
Og sin stråleglans utskyter, så at mørk og mulm må fly,  
så min Jesus av sin grav og det dype dødens hav  
oppstod ærefull av døde imot påskemorgenrøde.**

Takk o store seierherre takk, o livsens himmelhelt,  
Som ei døden kunne sperre i det helvedmørke telt!  
Takk fordi at opp du stod og fikk døden under fot!  
Ingen tunge kan den glede med tilbørlig lov utkvede.

Takk for all din fødsels glede, takk for ditt det guddomsord  
Takk for dæpens hellig væte, takk for nåden på ditt bord!  
Takk for dødens bitre ve, takk for din oppstandelse,  
takk for himlen du har inne, der skal jeg deg se og finne.



Her er bilde frå helsinga på 17.mai

## Digitale innslag frå Austrheimkyrkja

Dei siste månadane har det auka mykje med digitale innslag frå kyrkja. Både lokalt, regionalt og nasjonalt. Når me ikkje har kunne møtast fysisk, så er det godt å kjenne på fellesskapet gjennom digitale innslag. Me har hatt to flotte gudstenester saman med Fedje, og dei har fått mykje godt omtale både i våre to kommunar men og mange andre stadar. Det som vert lagt merke til er at det ikkje bare er stab som kjem på skjermene, men det er mange, mange frivillige som vert med. Det sit me stor pris på. På den siste

gudstenesta me laga var det over 30 personar som var med på skjermen. Me kjem tettare på kvarandre på den måten. På heimesida vår [www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no) kan du trykke deg inn på helsingar frå kyrkja. Der ligg det «videohelsingar frå kyrkja» med 17 videoar tilgjengeleg. Dei ligg og på facebooksida vår. Gå gjerne inn og lik den. Me håpar å fortsetje med m.a «min salme» utover hausten, så begynn å tenk på kva salme du er mest glad i, for det kjem kanskje eit spørsmål om du har lyst å bidra





# Leif Arne 60 år

På vegne av kyrkelyden vil Kyrkjebakken gratulere kyrkjeverja vår, Leif Arne Økland, med åremålsdagen 12. mai. Då runda han 60 år. I desse tider blir det ikkje dei store samlingane, men vi vonar det blei ein fin dag ut frå forholda. Ei mini markering blei det dagen før med ei lita overrasking i lunsjen på kyrkjelydshuset, noko som blei sett pris på.

Leif Arne Økland leier det administrative og personalmessige arbeidet for kyrkelyden med trygg hand og det er lett å trivast i samarbeidet med han. Vi ynskjer alt godt for dagar og tider som ligg framfor. Kanskje får vi høve til ei litt større markering av dagen når vi kjem tilbake til normale tider i samfunnet.

**Helsing stab og sokneråd**

## ANNONSE I KYRKJEBAKKE

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonssar er gratis.	



# SMITTEVERN OG BESØK I KYRKJA

Austrheimkyrkja er no opna og vi ønsker VELKOMMEN til at kyrkja no vert brukt til kyrklege handlingar og gudstenester. Dette gler vi oss over! Som folk nok har oppdagat er det ei opning med nokre etterhald, grunna pålegg frå sentralt hald om smittevern. I skrivande stund har Austrheim kommune vore utan smittetilfelle av koronaviruset. Kyrkja i Austrheim ønsker å gje sitt bidrag til at denne situasjonen kan vara ved.

Vi har difor fått retningslinjer frå kyrkja sine sentrale organ om korleis vi skal løysa dette lokalt. Her er vi også pålagt å gjennomføra lokal kursing/gjennomgang av smittevernprosedyrane for staben i kyrkja. Det er også utarbeidd ein lokal smittevernplan. Det er ein del viktige ting som folk i Austrheim må kjenna til før dei kjem til kyrkja:

- Det er inntil 15.juni sett ei avgrensing på inntil 50 personar som kan koma til kyrkja til ei gravferd, til ei gudstjeneste eller liknande.
- Etter 15.juni kan dette talet aukast om det vert gitt opning for dette frå sentralt hald. Men framleis vil avstandsmålet på 1 meter vera gjeldande. (med unntak av familiar som bur ilag i same husstand). Dette betyr at talet på kor mange som kan vera i kyrkja samstundes vil vera mindre enn det som er maksimumstalet bestemt av regjeringa. Opplysningar om det maksimale talet på personar som kan vera inne i kyrkja samstundes, vert opplyst om på facebook og på Austrheimkyrkja sine nettsider.
- Følg instruksjonane om kvar du kan sitja. Du kan sitja på annankvar benk. Det er lagt ut ark på kvar benk med instruksjonar på dette.
- Den midlertidige smittevernlova krev at kyrkja skal ha oversikt på kven som er til stades i kyrkja. Ved gravferder med avgrensa tal på personar har vi denne oversikta allereie.

Ved gudstenester, som er opne for alle, ser vi oss nødt til å føra lister med namn på kven som er til stades. Det er kyrkjevertane som fører desse. Listene vert lagt i ein lukka konvolutt og innelåst i 10 dagar, før dei vert makulerte. Grunnen til at desse listene vert ført er utelukkande grunna pålegg frå sentralt hald, for at helsemyndighetene skal kunna spora eventuelle smittetilfelle.

- Staben har prosedyrar på reingjering av flater som ofte vert rørt ved (som td dørhandtak, benkeryggar og toalett).
- Det kan også feirast nattverd. Denne vil foregå fortøpande og utan at ein kneler. Det vil vera 1 beger til kvar med ein oblat oppi. Ein puttar oblaten inni munnen sjølv, etter presten seier orda i liturgien. Presten heller vin i begeret til den enkelte fortøpande.
- Presten informerer på førehand om aktuelle smitteverntiltak i dåppssamtalen, sørgesamtalen eller vigssamtalen. Presten eller klokkenaren informerer også i kyrkja om kva som er relevante smitteverntiltak der og då.
- Følg elles informasjon som vert gitt gjennom plakatar i kyrkja og på kyrkja sine nettsider.

Det viktigaste å formidla er likevel dette at kvar og ein er VELKOMMEN til kyrkja. Og du er velkommen til gudsteneste, når dette no vert opna for. Vi vil oppfordra den enkelte til ikkje å tenkja at ein heller held seg heime sidan det er så mykje styr med desse smitteverntiltaka. Om det skulle vera fullt ut frå avstandsberekningane og du må snu i døra, får du heller ta det som eit godt teikn og koma tidlegare neste gong. Det vil også bli lagt til rette for at gudstenestene vert streama. Vi gler oss til å møtast igjen.

**Leif Arne Økland - kyrkjeverje**



**Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...**



Rune Austrheim  
Fosnøy Bilcenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilcenter.no](http://www.fosbilcenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 19.  
Timebestilling: Man- Fre.  
Telefon 56169200 / 95214616



Alla Kurinna

**Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset**



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

**Telefon vakt 56 16 98 35**



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**



GRAVFERDSSGRUPPEN

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oenstein.no](http://www.oenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Biblioteket opnar att frå og med tysdag 19. mai.  
Vanlege opningstider

## HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 - 19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 - 15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07  
E-post:  
[bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

## FONNES FILIAL:

Torsdag: Skulebibliotek frå 11:30  
Biblioteket er ope til klokka 16:30

Tlf.nr. 56 16 21 61  
E-post:  
[fonnebibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnebibliotek@austrheim.kommune.no)

## BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:  
Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensionistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta  
og er stengd i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
kl.08.30 - 15.00.  
Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen  
Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

## Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

# Ei annleis 17. mai feiring



Ei annleis 17.mai feiring, men ei fantastisk fin. Her hadde me tale ved Per Lerøy ved Mastrevik torg, Inger Lise Brekke ved Mongstadkrysset. Bilkortesjar frå Mastrevik og Mongstad som passerte kvarandre på Kilstraumbrua, og der vart dei møtt av båtkortesjen som kom inn Kilstraumen. Ein festdag som me kjem til å hugse lenge.

*Takk til fotografane Anne Stockholm, Helge Dyrkolbotn og Knut Torkilsen Horvei.*

